

Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

Til punkt 2:

Eventuelt kjøp av nye bybanevogner skal finansierast utan ytterlegare bidrag frå fylkeskommunen.»

Frank Willy Pedersen Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag (b):

«Alternativ:

Punkt 3:

Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld og føreset at dette skal gjerast i staden for oppstart av nye bompengefinansierte utbyggingsprosjekt.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette på vegner av FNB og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

3. Grunna svært låg statleg finansiering av Bybanen sine første byggetrinn, er gjelda i Miljøløftet høg. Årsberetninga frå Ferde syner ei samla gjeld på 5.4 mrd kr og denne vil auke til om lag 6,1 mrd 2017-kr. Vestland fylke har også høg og aukande gjeldsgrad og høge samla kausjonsforpliktingar. Fylkestinget konstaterer at bybaneprojekta bandlegg ein for stor del av fylkeskommunen sitt økonomiske handlingsrom slik at det går ut over investeringar innan samferdsle, opplæring og kultur, særleg utanfor Bergensområdet. Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld i staden for nyinvestering i bybaneprosjekt, og vil sjå etter moglegheiter for dette etter at Bybanen byggetrinn 4 er ferdigstilt»

Jannicke Bergesen Clarke (A) sette på vegner av A, Sp, SV, MDG, V og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

2. Det vil vere behov for innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen og korleis dette skal finansierast må avklarast i det vidare arbeidet i Miljøløftet.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Clarke sitt forslag vart vedteke mot 12 røyster (Frp, FNB).

Innstillinga punkt 2 fekk 15 røyster (2H, FNB, Frp, Pp) og fall.

Djuvik sitt forslag (a) fekk 12 røyster (Frp, 5FNB, Pp) og fall.

Djuvik sitt forslag (b) fekk 8 røyster (Frp, 1FNB, Pp) og fall.

Andersen sitt forslag fekk 13 røyster (Frp, FNB, Pp) og fall.

Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 13 røyster (Frp, FNB, Pp).

Innstillinga punkt 4 vart vedteke mot 25 røyster (H, Frp, FNB, Pp).

Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 14 røyster (H, 1FNB, Pp).

Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 25 røyster (H, Frp, FNB, Pp).

Vedtak

1. Fylkestinget sluttar seg til forslaget til Handlingsprogram for Miljøløftet 2021 - 2024 slik det ligg føre.
2. Det vil vere behov for innkjøp av nye bybanevogner til Bybanen BT4 til Fyllingsdalen og korleis dette skal finansierast må avklarast i det vidare arbeidet i Miljøløftet.
3. Fylkestinget ser behovet for nedbetaling av gjeld, og vil sjå etter moglegheiter for dette etter at Bybanen byggetrinn 4 er ferdigstilt.

4. Fylkestinget meiner det er viktig med høg måloppnåing i forhold til nullvektsmålet og at prioritering av prosjekter må prioriterast ut frå kor potensialet og behovet er størst.
5. For gang-sykkelveg i Bergen bør ein vurdere å vente med E39 Sykkelstamveg Fjøsanger - Nesttun og i tråd med avtalen innan miljøløftet nytte midlane til utbetringar av sykkelveg på fylkesvegnettet nærare Bergen sentrum og der behova er større.
6. Det er viktig å ha fokus på framkommeligheit for busstrafikken, derfor må kollektivfelt på firefelts innfartsårer, og framkommeligheit på stamlinjenettet og inn til dei viktigaste bussterminalane prioriterast høgt i det vidare arbeidet.»